



ÅRSRAPPORT FOR FITJAR SOKN - 2025

Soknerådet _____	- 3 -
Gudstenester og kyrkjelege handlingar _____	- 4 -
Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) _____	- 7 -
Drifta av kyrkja og gravplassen _____	- 11 -
Økonomi _____	- 13 -
Kyrkjemusikk _____	- 17 -
Temakveldar _____	- 18 -
Diakoninemnda _____	- 19 -
Kyrkjebladet _____	- 20 -
Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt _____	- 21 -

Fitjar, den 22.05.2026

Mette Elisabeth Lambach
leiar i soknerådet

Svein Lunde
nestleiar i soknerådet

Tom Rydland

Anne Kristin Skår

Håkon Rydland Sæbø

Anne Marie Røed

Lillianne Jæger Vestbøstad

Kari Raunholm

Harald Rydland
kyrkjeverje

Eli-Johanne Rønnekleiv
sokneprest

Gisle Levåg
kommunal representant

Soknerådet

v/ Mette Elisabeth Lambach, leiar
Svein Lunde, nestleiar
Anne Marie Røed

Det er mykje å gleda seg over i Fitjar kyrkjelyd. Mange finn vegen til gudstenester og andre arrangement i regi av kyrkja. Aktivitetsnivået er høgt takka vera stor innsats frå både løna og uløna medarbeidarar. Innsatsen er av uvurderleg verdi i råd, nemnder, arbeidsgrupper, ved praktiske tenester og ved t.d. deltaking ved song, musikk, lesing. Takk også til alle som trufast støttar arbeidet økonomisk. Me som sit i Fitjar Sokneråd er djupt takksame for alt arbeidet som blir utført av tilsette og dei om lag 100 uløna medarbeidarane.

Me vil og trekkja fram at det nye gravfeltet er ferdig og vart vigsla 05.10. 25. Takk til alle som har vore med på dugnaden. Planane for namna minnelund og retningsbestemte graver er vedteke, og arbeidet tek til så snart som praktisk mogleg.

Kommunen treng kontora som kyrkja i dag disponerer på rådhuset. Ulike alternativ er blitt vurdert, og det ser ut til at det blir ei god løysing på dette i løpet av 2026.

I Fitjar er der berre eit sokn. Det betyr at soknerådet har ansvar for saker som i t.d. Stord er lagt til eit fellesråd. Samarbeidet med kommunen har vore godt, først og fremst gjennom kommunen sin representant, som møter i Soknerådet.

I 2025 har soknerådet vore til stades ved prostidagen og ved nyårsmottaking.

Soknerådet har også dette året hatt godt samarbeid med ein dyktig stab. Soknepresten vår, Olav Johannes Oma sa opp stillinga si på hausten og hadde si siste gudsteneste som sokneprest i Fitjar 01.01.2026. Stillinga blei raskt lyst ut, og me var heldige og fekk søkjar ved første utlysing. Eli Johanne Rønnekleiv blei tilsett av Bjørgvin bispedømmeråd 10.12. 2025. Soknerådet ser fram til å samarbeida med ho framover.

Dette er nokre få av alle dei sakene som soknerådet har arbeidd med. Utanom dette har me behandla mange saker som til dømes budsjett, rekneskap og ulike høyringar.

Samarbeidet i soknerådet er godt, og me ser fram til arbeidet i resten av perioden.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ Olav Johannes Oma

Tilsette, råd og andre frivillige har også i 2025 arbeidd godt for å gjennomføra gudstenester, gravferder, vigslar, dåp, konfirmasjonar og barne- og ungdomsarbeid med meir. Ein stor innsats er lagt ned, og vi er svært nøgde med alt arbeidet som er gjort med å nå våre 2507 medlemmer (pr. 31.12.2025).

FITJAR KYRKJE	2025	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Døypte	37	21	30	36	24	25	20	25
Konfirmerte	28	28	27	36	34	35	41	41
Vigsel	6	5	5	5	5	6	8	4
Gravferd	17	28	21	23	28	38	27	13
Gudsteneste-deltakarar søn- og helgedagar	7086	7204	6537	6042	3734	3710	7963	8499
Gjennomsnitt fram møte på søn- og helgedagar	107/66	111/65	96/68	97/62	46/85		124/64	143/59
Gudstenester utanom kyrkjehuset	6	7	4	3	3	7	7	7
Nattverd-deltakarar / tal gudsteneste	2704/38	2681/40	2528/41	2065/36	1168/26	1025/20	2797/40	2933/38
Utmelde/ innmelde	8/7	3/4	7/2	9/0	7/4	6/2	7/3	7/0
Kyrkjeoffer	476.034	448.577	420.028	359.289	251.744	239.766	417.471	416.255
Gjevarteneste og andre gåver	175.566	143.985	155.829	189.784	166.420	188.600	246.199	277.563

Vi følgjer gudstenesteplanen for Fitjar slik det har vore i mange år. Det betyr gudsteneste kvar søndag og heilagdag i soknet. Dei aller fleste av gudstenestene har vore i Fitjar kyrkje. Vi hadde gudstenester på Fitjar bedehus Kristi himmelfartsdag. I tillegg har vi hatt utegudstenester i Dåfjorden, ved Kidnavatnet, i Årskog og i Kråko, og gudstenester på leir både på Helgatun og Solgry.

Gjennom heile året har vi hatt andakter annakvar fredag på Fitjar bu- og behandlingssenter og Havnahuset. Desse har prest og organist gjennomført i veksling med Håkon Hartvedt med musikarar.

Skulegudstenester både til jul og påske, og samarbeidet med skulen og kommunen har vore godt.

Også i 2025 er det gjennomført julevandring i kyrkja for alle barnehagane i kommunen. Dette er godt teke imot.

I 2025 var det 17 gravferder i kyrkja.

Det har vore seks vigslar i Fitjar kyrkje.

Åtte personar meldte seg ut, og sju melde seg inn, i kyrkja.

Vi overfører framleis dei fleste gudstenestene i Fitjar kyrkje på nett. Det viser seg at det er mange som følgjer desse sendingane. Vi når dermed mange fleire enn dei som fysisk er til stades i kyrkja. Det er svært positivt all den tid vi samstundes ser at deltakartalet på gudstenestene er gode.

BARN- OG UNGDOMSARBEID

37 born vart døypte. Kor stor del dette er av dei fødte veit vi ikkje. Vi når mange med dåpen og det er vi glad for.

Vi har hatt god oppslutnad kring babysong, og småbarnssong. Mange kjem der før borna er døypte, mange av dei blir døypt, men ikkje alle. Det fortel og at me har laga ein meningsfull og god arena å vera saman på, og eit godt døme på at kyrkja opplevst som ein god stad å vera.

Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne. Av ungdommen så konfirmerte vi 28 i fjor.

Det er blitt tradisjon med ungdomsgudsteneste 2. juledag, der ungdom deltek med tekstlesing,

tale, song og musikk, slik var det og i 2025 med god oppslutnad.

Vi samarbeider og med Fitjar indremisjon om arbeid for tenåringane våre. Kvar fredag har ein stor flokk tenåringar, vore samla på bedehuset til song og andakt, og til mat og leik frå kl.21-23. Eit rusfritt arrangement som går svært bra. Det er eit viktig ungdomsarbeid i bygda vår.



Foto: Tor Martin Søndena

TENESTER I KYRKJA

Der er mange som på ulikt vis deltek i det kyrkjelydsbyggande arbeidet - gjennom råd og utval, gjennom ulike tenester i kyrkjelyden, som kyrkjevert, klokkar, kyrkjetenar, kyrkjekaffikokar, som medleiarar i trusopplæringsarbeid og søndagsskule.

GJEVARTENESTE OG TAKKOFFER

I 2025 har det vore ei auke både i gjevartenesta og i offer.

Vi hadde spesielt fokus på gjevartenesta for trusopplæring/kyrkjeleg undervisning og læring i 2025, og hadde ei arbeidsgruppe som

arbeida med å få fleire faste gjevarar. Dette har gjeve resultat. Gåver til trusopplæring har auka frå 44.200 kr i 2024 til 94.200 kr i 2025, altså ei auke på 50.000 kr.

Om ein ser i tabellen på førre side ser ein at gjevartenesta og andre gåver har auka med 31.581 kr frå i fjor. Dette er litt mindre enn auken i gåver til trusopplæring. Det skyldast at det har komen mindre i gåver til diakoni og kyrkjelydsbladet i 2025 enn i 2024.

KULTUR

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja, og ein vil utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet. Det vart arrangert temakvelder og konsertar, både med lokale og andre aktørar. Temakveldgruppa gjer eit viktig arbeid i kyrkjelyden.

Elles arbeider gudstenesteutvalet med å inkludera menneske i gudstenestelivet. Svært mange har vore med og deltatt gjennom året.

Ved juletider samarbeidde vi ved diakoninemnda med Indremisjonen om julefest på Fitjar bedehus. Eit positivt tiltak.

KYRKJA SAMARBEIDER MED ANDRE

Vi har vore på leir saman med Fitjar Indremisjon.

Kvar Kristi himmelfartsdag har vi i over 80 år arrangert fellesmøte/gudsteneste saman med Indremisjonen på Fitjar.

Kyrkje – skule samarbeidet. Her har vi skulegudstenester før jul og påske, desse har god oppslutnad.

Til jul gjennomførte vi julevandring med barnehagane. Alle barnehagane deltok og dei gav gode tilbakemeldingar på det som skjedde. Vi synst det var kjekt.

KYRKJA SITT DIGITALE NÆRVÆR

Vi er ein av få kyrkjelydar i Bjørgvin som gjennom heile året har sendt gudstenester digitalt. Og framleis er det mange som føler sendinga. I løpet av det døgeret sendinga ligg ute blir det kring 100 visningar.

(I Bjørgvin bispedømme si årsmelding for 2022 kan ein lesa ein detaljert analyse av betydninga av streaming for gudstenestedeltaking.)



Foto: Tor Martin Søndena

TAKK

Som prest er eg glad for den vesle men dyktige staben eg har fått vera ein del av i mange år. Her er det stor arbeidsvilje og mykje kreativitet.

Då eg takka av ved nyttår så kjenner eg på stor takksemnd, til dyktige, arbeidsomme og kjekke kollegaer som står på for kyrkjelyden og kvarandre. Takk skal de ha!

Eg kjenner og på takksemnd over å ha fått vere prest i Fitjar kyrkje gjennom mange år.

Takk til sokneråd, nemnder og alle frivillige som har stått saman med oss for å spreia bodskapen om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus

Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)

v/ Randi Lønning Matre

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Barne og ungdomsarbeidet i kyrkja vår er kome inn i ein større plan som har fått namnet kyrkjeleg undervisning og læring. Framleis er det dei velkjente tiltaka i «Båten» som gjeld. Og året 2025 har vore eit år med god aktivitet

Tiltak	Namn	Deltakrar 2025	Av inviterte	Deltakar ar 2024	Av inviterte	Deltakar ar 2023	Av inviterte	Deltakar ar 2022	Av inviterte
B0	Dåp	18	*sjå merknad			30		28	
B1	Babysong	25		17	100%	32	86%	21	140%
B2-4	Småbarns song	23		26	32%	34	52%	33	51%
B4	4-årsbok/ kyrkjevandring	9		27	93%	15	66%	17	100%
B5	Den gode gjetar	12		AVLYST		11	58%	16	43%
B6	Barnas påskefest	13		AVLYST		12	32%	18	62%
B9	Tårnagent helg	18		15	52%	18	56%	10	42%
B11a	Lys Vaken	17		10	40%	15/3	47%/9%	Utsett	
B11b	Båten 10-11 år	16		AVLYST				20	32%
B15	Konfirmasjon	28		28	82%	27	87%	36	90%
B13-18	Tentreff	74		63	30%	67	31%	73	32%
B15-18	Vidare 15-18 år	15		23	17%	25	17%	21	13%

* Nytt i 2025 var at aktivitetane vert rapportert gjennom «Kyrkja vår». Der får ein ikkje opp prosentvise tal på kor mange av dei inviterte som var me, slik me har fått tidlegare. Difor står den kollona tom i år

«MED JESUS I BÅTEN»

Kyrkjeleg undervisning og læring er namnet på den reviderte planen som kom i 2024. Det er den overordna planen for alt arbeid som skjer i Fitjar kyrkje. Her hos oss heiter den framleis «Med Jesus i båten» - eller forkorta til «Båten»

Den norske kyrkja sitt undervisnings- og læringsoppdrag spring ut frå dåpsbefalinga i Matt 28,18-20.

«Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg

har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Det kristne fellesskapen skal gi vidare det som er gitt, og formidle trua sin bodskap. For å få dette til er det mange flotte uløna medarbeidarar med i dette viktige arbeidet. Og dei er gull verdt!

«Båten» er ein del av planen for kyrkjeleg undervisning og læring, og er for dei mellom 0-18 år, der babysong er det første tiltaket etter dåp.



BABYSONG

Babysong har godt oppmøte i 2025. Mange kjem med babyane sine til songstund på Fitjar bedehus. Babysong er for babyar mellom 0 og 1,5 år saman med ein vaksen. Alle som er heime med baby er hjarteleg velkomen. Det er godt måltids-fellesskap og god stemning. Fleire har hatt høve til å vere med 2 semester. Gode medarbeidarar er med i arbeidet

SMÅBARNSSONG

Småbarnssong har hatt jamn oppslutnad gjennom året, og fleire gir uttrykk for at dei set pris på samlingane. Det er noko ned gong i oppmøte i april/mai. Dette er for småbarn mellom 2-4 år i følgje med ein vaksen. Kyrkjelydspedagogen drifter dette saman med

ein frivillig på kjøkenet.



4-ÅRSBOKA OG UNDRETUR

Talet for 4-åringar på undretur er noko lavare i år. Noko av grunnen er at det er eit lite kull. På gudstenesta fekk dei bok i gåve frå kyrkjelyden. Det er ein barnebibel! Her er heile staben med og det eit flott samarbeid med Fitjar søndagsskule.

DEN GODE GJETAREN

Den gode gjetar samla 12 5-åringar i kyrkja ein ettermiddag i slutten av august. Dei vart også invitert til søndagsskulensdag. Det er ei samling med bibelforteljing, songar, hobbyaktivitet og kveldsmat i saman. Barna kjem saman med ein vaksen. Det er fleire frivillige og uløna medarbeidarar med.

BARNAS PÅSKEFEST

Alle som skal starte på skulen til hausten blir invitert til ein ettermiddag i kyrkja saman med ein vaksen. Dei får høyre påskeforteljinga fortalt gjennom Barabbas sine auge. Etter forteljinga er det ulike stasjonar Barna kjem saman med ein vaksen. Det er fleire frivillige og uløna medarbeidarar med

BÅTEN

Ein vindfull ettermiddag samla 16 barn i Breiavikjo til «Båten». Gjennom ulike aktivitetar får dei høyre bibelforteljingar om Jesus ved og på sjøen. Mange føresette er med og sløyer og steiker fisk. Grillar pløser og hjelper med ulike aktivitetar. Mange fornøyde barn som får vere med ut å dra garn.

Tusen takk for innsatsen til alle som har stilt opp!



TÅRNAGENTHELG

Tårnagenthelga vart gjennomført saman med frivillige vaksne og ungdommar. Eit kjekt tiltak som agentane gir uttrykk for at er veldig kjekt. Saman med frivillige og var ein det fleire føresette som stilte opp for å hjelpe til i ulike oppgåver.

LYS VAKEN

Lys Vaken blir arrangert i midten av november. På samlinga var det ein gjeng med 16 barn, fleire frivillige, både ungdom og vaksne, som hadde ein fin kveld i kyrkja. Dette er ei samling som krev mange ressursar av både tilsette og frivillige. Denne gongen var det utan overnatting på grunn av mangel på ressursar. Sjølv utan overnatting var det eit kjekt tiltak.

KONFIRMANTARBEID

Konfirmantarbeidet er ein stor del av kyrkjeleg undervisning og læring. Oppslutnaden er framleis høg, men me ser at prosentandelen som vel kyrkjeleg konfirmasjon er på veg ned. Konfirmantarbeidet vert drive av prest og kyrkjelydspedagog. Det er også mange ulike frivillige med i arbeidet. Bygdekvinnelaget lagar rundstykke og dekker bord til eit måltid når ungdomane kjem frå skulen. Mange føresette gjere ein flott innsats ved ulike høve, som til døme lysmesse, konfirmantfestival og fasteaksjonen.



TEN-TREFF

Ten-treff er et samarbeid mellom Fitjar Indremisjon og Fitjar Kyrkjelyd for ungdomar frå 8.trinn og oppover. Eit rusfritt tilbod til ungdom på fredagskvelden. Det er ein halv time møtedel, før ei god matøkt, og den siste timen er det ulike aktivitetar, både i kjellaren og oppe! Eit positivt tiltak med stabilt og godt oppmøte gjennom året. Hausten 2025 byrja ein fin gjeng med 8. klassingar. På det jamne er det mellom 25-30 ungdommar samla, enkelte kveldar rundt 40 ungdommar.

VIDARE

«Vidare» er ei samling for ungdom ein gong i månaden. Programmet er mat, prat, undervisning og samtale. Det er leik eller aktivitet til slutt.

Det har vore ein fin gjeng samla fram til sommaren. Til hausten var det ein mindre gjeng som kom, men engasjerte og trufaste.

ANNA ARBEID I TRUSOPPLÆRINGA

GUDSTENESTER

Ein viktig del av trusopplæringsarbeidet er å ha familiegudstenester. I Fitjar kyrkje er det familiegudsteneste om lag ein gong i månaden. Fleire av dei er knyt til trusopplæringiltak, men ikkje alle.

Kyrkjelydspedagogen er ofte med, men ikkje alltid.



SKULE- KYRKJESAMARBEIDET

Me har eit godt samarbeid med alle skulane. Skulegudsteneste vart gjennomført til jul og påske for barneskulane og ungdomsskulen. Me inviterte dei eldste i alle barnehagane til påskevandring før påske og til julevandring før jul. Dette starta me med i 2022 som ei

erstatning for barnehage-gudstenestene. Vandringane har vore svært godt mottekne..

BAKKEN BARNEHAGE

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det: «Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon..». Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemner styret for stiftinga.

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for barn i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på barn i barnehagen varierer med alderen på barna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 plassar) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

Kyrkja har til vanleg eit møtepunkt med Bakken soknerådsbarnehage omtrent ein gong i månaden. Dette har vore redusert dette året, grunna studie for kyrkjelydspedagogen. Men nokre møtepunkt har me hatt.

Kyrkjelydspedagogen har vore på besøk i barnehagen, og barnehagen har vore på besøk i kyrkja. Me ynskjer å arbeide for god kontakt vidare.



Drifta av kyrkja og gravplassen

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

TILSETTE

Gjennom 2025 har desse medarbeidarane vore i den faste kyrkjestaben:

Sokneprest Olav J. Oma

Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland

Kantor, 65%, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 90%, Randi Lønning Matre

Kontormedarbeidar, 40%, Elisabeth Søndena Oma (permisjon frå april- desember)

Kyrkjegardsarbeidar / vaktmeister, 50%+30%, Kjetil Hagevik Ragde

I perioden som Elisabeth hadde permisjon vart hennar oppgåver ivaretekne av andre på kontoret som mellombels fekk auka stillingane sine med til saman 30%.

Pr. 31. desember 2025 er det i Fitjar sokn 3,25 årsverk. Soknepresten, som vert løna av bispedømet og har full stilling, kjem i tillegg. Arbeidet i kyrkjestaben er prega fleksible og positive medarbeidar som viser stor glede over arbeidet.

At me kan ha så mykje aktivitet i kyrkja er takka være frivillige som er til uvurderleg hjelp. Som kyrkjeverje vil eg retta ei stor takk til alle tilsette og frivillige for framifrå innsats gjennom året 2025.

KYRKJEBYGGET

Det har ikkje vore gjennomført større vedlikehaldsarbeid på sjølve kyrkjebygget siste året. Det nye styringssystemet for varmeanlegget vart teke i bruk vinteren 2025. No set me varmen på via den digitale kalenderen me brukar for å registrera aktivitetar i kyrkja. Varmen kan enkelt slåast av eller justerast ved avlysing eller endring av tidspunkt for aktivitetar. Styringssystemet har vist seg å vera brukarvenleg, påliteleg og det bidreg til effektiv energibruk.

Gjennom 2025 har me opplevd at låssystemet i kyrkja ikkje har vore heilt til å lita på. Systemet er gammalt og velbrukt, slik at nokre av låsane og nøklane ikkje fungerer som dei skal. Vidare er anlegget for utebelysning på gravplassen teke ut av drift. Anlegget har så mykje jordfeil i armatura at det er uråd å halda det i normal drift. Kommunen og Fitjar kraftlag har løyvd tilskot til nytt lysanlegg ute og inne i kyrkje. Me planlegg å få på plass nytt anlegg i 2026.

Taket på kyrkja nærmar seg 160 år og me er usikre på tilstanden på innfestinga av hellene på taket. Dersom dette sviktar kan det oppstå farlege situasjonar ved at heller ramlar ned. Her planlegg me ei kartlegging over tilstanden i løpet av neste år. For dei ekstra vedlikehaldsbehova som er omtala her, har me fått auka tilskot frå kommunen for 2026.

Om kyrkja har høg alder, er den i forholdsvis god stand med moderate vedlikehaldsbehov. Dagleg tilsyn og vedlikehald vert utført av ein allsidig og dugande vaktmeister.

GRAVPLASSEN

Drifta av gravplassen vert for det aller meste utført av vår eigen medarbeidar Kjetil Hagevik Ragde. I skuleferien har me unge vikarar som hjelper til med å halda gravplassen fin og velstelt gjennom sommaren. Det er mange som tek turen innom gravplassen i løpet av året. Difor er det viktig at den til ei kvar tid er velstelt og framstår på ein respektfull måte. Me får mykje gode tilbakemeldingar for den fine gravplassen vår.

I 2025 har det vore gjort omfattande arbeid på gravplassen. Det er etablert ein nytt felt med kistegraver i dobbel djupne. Feltet skal ha plass til vel 140 kister. I samband med drenering av det nye feltet vart avløpsanlegget frå kyrkjebygget og kyrkjegardshuset skifta ut.

Prosjektet vart gjennomført på ein framifrå måte der Smedsvik Landskap AS var rådgjevande arkitekt og Engevik & Tislevoll AS hadde kontrakt for gjennomføring av arbeidet. Som vanleg når me held på med prosjekt i kyrkja, fekk me og i dette arbeidet god hjelp av frivillige medarbeidarar. Kostnaden med heile prosjektet vart rett i underkant av kr. 2 mill., som er litt mindre enn budsjettet.



Økonomi

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

Arbeidet med den økonomisk forvaltinga av kyrkja og gravplassen føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja, andre medarbeidarar på kyrkjekontoret og økonomiavdelinga i kommunen.

Fitjar sokn sitt årsbudsjett for 2025 var sett opp til å gå i balanse. Rekneskapen for 2025 viser eit mindreforbruk på kr. 302.719. I dette resultatet ligg det bruk av fond på kr. 24.532 på avdeling for trusopplæring og kr. 34.804 på avdeling for diakoni. Det er i årsoppgjeret retta opp i nokre balansepostar frå tidlegare år som gav positivt utslag på årsresultatet.

Rekneskapen er ikkje ferdig revidert, men me forventar ikkje at det må gjerast vesentlege endringar i rekneskapen som følgje av revisjonen.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 1.019.222 i bundne fond. Etter disponeringa av årsresultatet i 2025 ligg det an til at disposisjonsfondet vil vera på 1.703.547 der kr. 712.525 kjem får kommunal finansering og kr. 991.022 kjem frå kyrkja sine egne inntekter.

Fleire detaljar om rekneskapen er å finna i tabellane nedanfor.



RESULTATREKNESKAP

		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
		2025	2025	2024
Inntekter				
600-659	Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	-568 010	-450 000	-581 900
660-679	Sal av driftsmidlar / fast eigedom	0	0	0
700-789	Refusjon / overføring	-1 187 692	-531 000	-747 196
800-804	Statlege tilskot	0	0	0
805	Tilskot frå Den norske kyrkje	0	0	0
830-839	Rammeoverføring / tilskot frå eigen kommune	-3 318 000	-3 318 000	-2 956 400
840-859	Tilskot frå sokn og organ for sokn	0	0	0
860-879	Andre tilskot, gáver, innsamla midlar	-750 470	-495 000	-592 562
890	Ekstraordinær inntekt	-2 348	0	0
Sum driftsinntekter		-5 826 521	-4 794 000	-4 878 058
Utgifter				
010-099	Løn og sosiale utgifter	3 163 732	3 083 800	2 898 924
100-299	Kjøp av varer og tenester	1 243 602	1 204 000	1 266 981
300-389 + 429	Refusjonar / overføringar	899 664	491 000	559 048
400-479 - 429	Tilskot og gáver	354 922	200 000	309 980
Sum driftsutgifter		5 661 920	4 978 800	5 034 933
Brutto driftsresultat		-164 601	184 800	156 875
900-909	Renteinntekter og utbytte	-66 075	-3 000	-88 624
500-509	Renteutgifter og låneomkostningar	1	0	5
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andelar m.v.	0	0	0
Netto finansinntekter / -utgifter		-66 074	-3 000	-88 619
590	Avskrivningar	309 631	260 000	286 006
990	Motpost avskrivningar	-309 631	-260 000	-286 006
Netto driftsresultat		-230 675	181 800	68 256
Interne finansransaksjonar				
930	Bruk av udisponert mindreforbruk frå tidlegare år			0
940-949	Bruk av disposisjonsfond	-34 804	-101 800	-15 956
950-959	Bruk av bundne fond	-37 240	-130 000	-86 409
Sum bruk av avsetjingar		-72 044	-231 800	-102 366
530	Avsett til dekking av meirforbruk frå tidlegare år			0
540-549	Sett av til disposisjonsfond		50 000	0
550-559	Sett av til bundne fond			34 109
570	Overført til investeringsbudsjettet			0
Sum avsetjingar				34 109
Meirforbruk / mindreforbruk		-302 719	0	0

BALANSE

	31.des	31.des
	2025	2024

Eigendelar			
A	Anleggsmidler	10 260 339	8 484 159
527-529	Faste eigedommar og anlegg	10 081 692	8 242 535
524-526	Utstyr, maskinar og transportmidlar	46 523	119 913
522-526	Utlån	0	0
521	Aksjar og andelar	132 124	121 711
B	Omløpsmidlar	3 027 367	3 027 367
513-517	Kortsiktige fordringar	1 198 131	669 488
518	Aksjar og andelar	0	0
512	Sertifikat	0	0
511	Obligasjonar	0	0
510	Kasse, bankinnskot	2 227 278	2 357 879
C	Eigendelar	13.685 748	11 511 526

Eigenkapital og gjeld			
D	Eigenkapital	13 001 312	10 895 767
556-558	Disposisjonsfond	1 400 827	1 479 929
551-552	Bundne driftsfond	1 037 427	965 564
553-554	Ubundne investeringsfond	0	0
555	Bundne investeringsfond	0	0
5581	Endring i rekneskapsprinsipp drift	0	0
55950	Rekneskapsmessig mindreforbruk	302 719	0
55900	Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
55960	Udisponert i investeringsrekneskapen	0	0
55970	Udekka i investeringsrekneskapen	0	-33 885
55990	Kapitalkonto	10 260 339	8 484 159
E	Langsiktig gjeld	0	0
541-542	Ihendehavarobligasjonslån	0	0
543-544	Sertifikatlån	0	0
545-549	Andre lån	0	0
F	Kortsiktig gjeld	684 436	615 759
531	Kassakreditlån	0	0
532-539	Anna kortsiktig gjeld	684 436	615 759
G	Sum gjeld og eigenkapital	13 685 748	11 511 526

FOND OG BRUK AV AVSETJINGAR

Avsetjingar og bruk av avsetjingar				
	31.12.2024	Årsoppgjer 24	Endring 25	31.12.2025
Fond gravfestemidlar	121 171		100 000	221 171
Orgel	3 000			3 000
Kyrkjelydsprest	571 860		-59 841	512 019
K. K. Rydlands legat	87 355		-12 708	74 647
NN	-35 309		35 309	0
Gravlegat	217 489		9103	226 592
Sum bundne fond	965 565		53 657	1 037 428
	31.12.2024	Årsoppgjer 24	Endring 25	31.12.2024
Udekka investering	33 885		-33 885	0

Løn og godtgjersle, leiar og styret**Leiande personar**

Leiar sokneråd	Godtgjersle	7 200
Kyrkjeverje	Løn	413 155
	Godtgjersle	0
	Sum	413 155

DISPOSISJONSFONDET

Fond	Årsoppgjer 2024	Avsett/brukt i 2025	31.12.2025
Disposisjonsfond (kommunal finansiering)	508.484	204.041	712.525
Anna kyrkjeleg verksemd	637.421	79.942	717.363
Ungdomsarbeid	217.328	18.737	236.065
Sum avsett		302.720	
Diakoni (ført i rekneskapen)	72.398	- 34.804	37.594
Sum disposisjonsfond			1.703.547

Anna vesentleg informasjon

Rekneskapen er sett opp i tråd med Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje, sist endra 5. juni 2024, med lovheimel i Lov om tros- og livssynssamfunn. Gravfesteavgift vert fakturert for ti år om gongen, men alt vert teke som inntekt i faktureringsåret.

Kyrkjemusikk

v/ Jan Overweg


Orgelet i kyrkja har framleis ein sentral plass i kyrkjemusikken i Fitjar. Heilt sidan byggjeprosessen – no for snart 10 år sidan – har me visst at Fitjar skulle få eit godt instrument av høg kvalitet. Innviinga i mars 2017 var ein fest for bygda, og sidan har orgelet vore til glede i mange gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre arrangement. Det har ikkje vore behov for vedlikehald eller reparasjonar utover ordinært tilsyn ved kantor. Først no, etter snart 10 år, byrjar det å bli ønskjeleg med stemming av instrumentet.

Ved sida av orgelet vert også pianoet brukt, mest til akkompagnement for solistar og særleg ved familiegudstenester. Årleg stemming er alt som skal til for å halda dette flotte instrumentet i god stand.

Arbeidsoppgåvene til kantoren i Fitjar er framleis fordelte på mange ulike område. Kjerneoppgåva er førebuing og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar i kyrkja og på nett, i lag med dei andre tilsette. I tillegg kjem førebuing og deltaking ved andakter på institusjonane og ved nokre andre arrangement, som til dømes den årlege julekonserten i kyrkja.

Kyrkjekoret er ein viktig del av den kyrkjemusikalske aktiviteten i kyrkjelyden. Koret syng eit par gonger kvart semester ved gudstenester i kyrkja. Koret er også fast deltakar juledag, påskedag og ved julekonserten. Koret øver kvar onsdag kveld. Dirigent for koret er for tida Benedicte Meyer. Ho fortener ein særskild takk for det arbeidet ho gjer med koret!

Takk òg til frivillige som har teke del i ulike musikalske oppgåver ved gudstenestene og elles.



Temakveldar

v/ Benedicte Meyer

I 2025 gjennomførte vi 8 temakveldar. Målet er framleis å skapa ein møteplass der mange føler seg velkomen og heime. Vi ønskjer låg terskel og stor takhøgd, og vi vil gjerne stå for arrangement der undring, refleksjon går hand i hand med reint «påfyll».

Innhald og form varierer, til dømes gjennom både foredrag og konsertar, og sjølvstøtt i tråd med det gjestene våre ønskjer og er gode på.

Grunnlaget er alltid det same som kyrkja byggjer på, samstundes som vi og gjerne kan setja fokus på meir allmenne emne.

Temakveldane er lagt til siste torsdagen i månadene august-november og januar-april.

Vi kan likevel tilpassa oss om det er heilt naudsynt, men tanken er at både folk i vår eigen kyrkjelyd og andre skal kunna rekna med denne dagen som eit fast og stabilt innslag.



PROGRAMMET 2025

Januar: Konsert med Gospelkompaniet

Februar: Foredrag ved Per Anders Nordengen

Mars: Påskemotiv i biletkunsten- ei pasjonshistorie. Foredrag ved Trond Borgen. Denne kvelden vart flytta til kulturhuset pga trong for større skjerm og betre tilhøve for bileteframvising.

April: John Inge Rolvsnes med band

August: Konsert med Endre Olsen: Johnny Cash i ord og tonar

September: Håpskveld med Odd Eidner

Oktober: Fredfullt i kyrkja – konsert med Ole Jacob Hystad og Tore Hegdahl

November: Konsert med folkemusikarane Berit Opheim, Sigbjørn Apeland og Nils Økland

Vi er 4 personar i temakveldgruppa: Eli N. Simonsen, Anne Britt Tornes, Kari Bjørndal og Benedicte Meyer.

Me har jamlege planleggingsmøte, og utover det nyttar vi epost og telefon. Det er viktig å ha programmet og avtalar klart i god tid, og vi ligg stort sett 1/2-1 år i forkant.

Artistar og personar vi ønskjer å få til Fitjar er ofte travle, og det er eit puslespel å få ting på plass.

PLANAR FRAMOVER

Vi ønskjer framleis variasjon mellom lokale krefter og gjester utanfrå, mellom verbale og musikalske kveldar, og vi er stadig på leit etter personar og grupper som kan gje oss gode opplevingar på fleire plan. Mykje av programmet for resten av 2026 er klart, og vi håpar og trur at mange vil finna noko å gleda seg til.

Diakoninemnda

v/ Grete Sætre

STORE ENDRINGAR I DIAKONINEMNDA DETTE ÅRET

Annbjørn Stjern Tvedt, var leiar fram til sommaren, og gjekk ut av nemnda.

Hilda Gloppen gjekk ut av nemnda til sommaren.

Halvard Wiik gjekk ut av nemnda til sommaren.

Grete Sætre, vart leiar frå hausten.

Inger Marie Gilje, vart nestleiar.

Kari Raunholm

Olav Johannes Oma, skrivar

Agnar Jan Helland, ny frå hausten

Jan Oddvard Mongstad, ny frå hausten

Frøydis Almås, ny frå hausten

AKTIVITETEN TIL DIAKONINEMNDA

- Organisere besøksteneste for dei som ynskjer det.
- Skipa til ein årleg dagstur. I 2025 var vi til Flor og fjære, svært vellykka tur.
- Blomehelsing til enke/enkemenn (næraste pårørande) etter dødsfall sist år. Presten/diakoninemnda var på nokre slike besøk i 2025.
- Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.
- Skipa til inspirasjonsfest med fagleg og åndeleg påfyll og blomepåskjøning til alle aktive besøksvenner.
- Delta i minnesamling laurdagskvelden før Helgemessesøndag og vera med i gudstenesta dagen etter. Dette var fine og meningsfulle samlingar. Men vi erfarte i haust at invitasjonane ikkje kan sendast med posten. Fleire opplevde at dei ikkje fekk brevet før samlinga og gudstenesta hadde vore.
- Arrangere «Open kyrkje». Her vart det gjennomført 9 samlingar.
- Arrangere «Kaffitreff» på kyrkjegarden.

OMFANGET AV ARBEIDET

Diakoninemnda hadde 6 møte i 2025.

Mellom 30 og 40 personar fekk besøk og blomehelsing i samband med fødselsdagar i 2025.

Inkludert nemndmedlemene er det 13 frivillige besøksvenner som er engasjerte i arbeidet.

Nemnda har og vore med på fasteaksjonen, med på å laga roder, dela ut bøsser og telja pengar.

VIKTIGE HENDINGAR

I vår gjekk det ein full buss på diakonitur til Flor og Fjære.

Nemnda fekk i haust tildelt 25.000,- til neste diakonitur av Fitjar kraftlag.

PLANAR FRAMOVER

Diakoninemnda ynskjer å halde fram med arbeidet som no.

Kyrkjebladet

Fitjar kyrkjeblad har kome ut med fire utgåver dette året.


Skriving og innsamling av stoff til bladet vert gjort på dugnad. Trykking vert utført Kai Hansen Trykkeri, og distribusjonen av SUDI.

Redaksjonen i kyrkjebladet var ved utgangen av 2025:

- Olav J. Oma, redaktør
- Rolf Atle Rølsnes
- Roald Drønen
- Karvel Strømme
- Herman Inge Aadland
- Marie Willemse

Arbeidet med kyrkjebladet har gått etter planen. Innhaldet består av god informasjon om arbeidet i kyrkjelyden, ulike reportasjar, intervju, stoff og artiklar frå lokalmiljøet. Me er takksame for gode, frivillige som gjer ein fin jobb i redaksjonskomiteen.

Kostnadane til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver (kr. 4.951 i 2025) og inntekter frå annonsesal (kr. 51 000 i 2025). Bladet vert lagt i postkassane til alle husstandane og bedriftene i Fitjar. Bladet vert og lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje. Me takkar annonsørane og alle som har gitt ei gåve til bladet.



Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt

v/ Sigrun Vik Nilsen

FITJAR, EI MISJONSBYGD

Fitjar sokn har inngått avtale med Det norsk misjonsselskap (NMS) om å støtte arbeidet dei driv i Mali. Kyrkjelyden er sterkt engasjert i prosjektet, og det kjem alltid inn mykje pengar når offeret går til dette føremålet. I 2025 kom det inn kr. 78 972 til prosjektet. Det var 6 ofringar til Mali i 2025. Det er fast ofring på høgtidsdagane; påskedag, pinsedag og juledag. Utanom desse er det også ei ofring på våren og to på hausten. I tillegg til offer har det kome inn kr. 8 165 i gåver til misjonsprosjektet.

9. februar	6. søndag i openberrings-tida	7.410
20.april	Påskedag	21.750
08. juni	Pinsedag	13.300
10. august	12. søndag i treeiningstida	7.620
5. oktober	20. søndag i treeiningstida	11.242
25. desember	Juledag	17.650
SUM		78.972

Misjonsprosjektet blir presentert som del av kunngjeringane når det er ofring til prosjektet i kyrkja. Misjonsprosjektet er også godt dokumentert på Fitjar kyrkje si heimeside

NMS har 3 satsingsområde:

- Kjempe mot urettferd
- Dele trua på Jesus
- Utrydde fattigdom

Dette blir konkretisert i Mali på fleire område:

- Kyrkjelydsbygging blant fulaniar
- Bibelomsetjing til fulani
- Kamp mot kjønnslemlesting og barneekteskap
- Alternativ inntekt i konfliktområde, som f.eks. spare- og lånegrupper.

NMS er partner i Den evangelisk-lutherske misjon i Mali (MELM) saman med kyrkjer i Nigeria og Kamerun, og Den Evangelisk Lutherske Frikirke. Arbeidsfellesskapet i Mali består av misjonærar frå Noreg og fleire afrikanske land, saman med gode nasjonale medarbeidarar. Den norske misjonæren Frode Brügger Sætre arbeider for tida frå nabolandet Elfenbeinskysten på grunn av tryggleikssituasjonen i Mali. Trass i stor politisk uro og vanskeleg tryggleikssituasjon i landet er det ein fin optimisme i det kristne arbeidet.

Samansetjing av misjonsnemnda 2025:

Herman Inge Aadland Eldbjørg Vikane Sigrun Vik Nilsen

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

SIDE FOR EIGNE NOTATER:

Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk
til alle frivillige og tilsette
som i 2025 har lagt ned eit stort arbeid
for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon:

«Nær menneske, nær Kristus»